



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

RETNINGSLINER TIL OPPFINNARPRISEN FOR HORDALAND 2011

1. Kven kan søkje?

Deltakarar til Oppfinnarprisen for Hordaland skal vere busette, det vil seie ha varig adresse, i Hordaland. Oppfinnarprisen skal bidra til auka kreativitet, innovasjon, og verdiskaping i Hordaland. Det er difor viktig at søkjar har vilje og evne til å realisere og kommersialisere oppfinninga si.

2. Tal oppfinningar:

Kvar deltakar kan senda inn for vurdering **inntil TO – 2** – oppfinningar.

3. Søknadsfrist: 18. oktober 2011

4. Konfidensiell handsaming av søknadane:

Alle innkomne forslag til Oppfinnarprisen for Hordaland, vil bli unnateke offentlegheit.

Juryen som handsamar dei innkomne oppfinningane, og som seinare kårar prisvinnaren, har teieplikt.

Offentleggjing av utkåra oppfinning og den som har sendt inn forslaget, vil bli gjort i samråd med prisvinnaren.

Hordaland fylkeskommune har *ikkje* ansvar for patent- / mønstervern.

5. Juryens samansetnad:

Det er oppnemnd ein jury som vurderer oppfinningane og kårar vinnaren. Næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune er sekretariat for juryen. Juryen er sett saman av :

- Kultur og ressursutvalet, Hordaland fylkeskommune (1 rep.)
- Senter for Nyskaping, Høgskolen i Bergen (1 rep.)
- ACAPO AS (1 rep.)
- Innovasjon Norge Hordaland (1 rep.)
- NHO – Hordaland (1 rep.)
- LO – Hordaland (1 rep.)

6. Kåring av vinnar/-ar:

Prisen er på **NOK 75.000,-**.

I tillegg kan juryen kåre to personar/miljø som får **heiderleg omtale** for sine oppfinningar.

7. Utdeling:

Prisen vil i år bli delt ut under Fylkestinget i Bergen desember 2011.

8. Innsend dokumentasjon/modellar / o.l:

Dokumentasjon, modellar o.l som ligg ved påmeldinga, blir sende i retur *etter* prisutdelinga. Store modellar må hentast av den einskilde.